



Årdal kommune
Pb. 40
6881 Årdalstangen

Oversending utsleppsløyve etter ureiningslova til Dalsurdi avfallsplass for inert avfall

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har handsama søknaden frå Årdal kommune og har vedteke å gi løyve etter ureiningslova til drift av Dalsurdi avfallsplass for inert avfall. Løyvet med tilhøyrande vilkår vert sendt saman med dette skrivet.

Vi viser til søknad frå Årdal kommune dagsett 25.4.2003 om endra løyve til vidare drift av Dalsurdi avfallsplass etter ureiningslova. Det vert også vist til seinare korrespondanse, møte med ureiningsstyresmaktene og informasjon som m.a. er gjort tilgjengeleg på www.klif.no. Avfallsplassen er drive med samtykke frå Fylkesmannen som mottak for inert avfall. På plassen kan ein også i ei kortare tid mellomlagre ordinært avfall som skal til vidare- eller slutthandsaming andre stader.

Den formelle utskrivinga av løyvet har vore utsett av di ein har måtte prioritere innsats mot avfallsplassar for ordinært avfall, og av di mottak av inert avfall på denne plassen etter vår erfaring berre fører til mindre miljøulempe. Det har vore fleire regelverksendringar for avfallsplassar, den siste større endringa galdt frå juli 2009. Hausten 2009 har utkast til nytt løyve vore på avgrensa høyring til 1.9.2010 i kommunen og hos Sunde gjenvinning AS (no Sunde Resirk as). Det har ikkje kome merknadar til søknaden, og det har heller ikkje – så langt vi er informert om, vore merknadar til drifta av avfallsplassen dei seinare åra.

Fylkesmannen har ved avgjerda av om løyvet skal vidareførast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar. Omtalen av saka og forklaring til enkelte av vilkåra i løyvet er teke med i dette skrivet, medan vedtak i saka og juridisk bindande vilkår er samla i eige skriv.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som vi meiner har mest å seie miljømessig, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med saksbehandlinga eller må sjåast på å ha vore kjent på annan måte då vedtaket ble gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff.

Bakgrunn

Deponi kan etablerast i tre ulike kategoriar, med ulike generelle krav til sikring som omtalt i § 9-5 i avfallsforskrifta. Fylkesmannen kan gje løyve til kategoriane 2 (ordinært avfall) og 3 (inert avfall).

Årdal kommune har søkt om løyve til fortsatt drift av deponi som sluttbehandling for inert avfall. Fylkesmannen har endra alle eksisterande løyve til slutthandsaming av avfall på avfallsdeponi i samsvar med krava i ureiningslova, særskilt vurdert m.o.t. kap. 9 i avfallsforskrifta. No er det tale om å setje nærare krav til eit deponi som ønskjer å halde fram for mottak av inert avfall. Det er gitt nærare definisjon på "inert avfall" i vedlegg til utsleppsløyvet.

Ingen av dei vilkåra som har vore nødvendig å endre vil føre til at krava til deponiet vert mindre strenge. Fylkesmannen har difor vurdert det unødvendig med full førehandsvarsel av søknaden i samsvar med § 36-7 i ureiningsforskrifta. Deponiet vil også endre formell karakter frå å kunne motta ordinært avfall av visse typar til berre å kunne motta avfall som er inert.

Miljøpåverknad frå aktivitetane

Vilkåra er resultat av ei samla vurdering av behov for å presisere gjeldande lovverk (spesielt avfallsforskrifta kap. 9) og tilpassingar til stadsspesifikke forhold.

Vi gjer spesielt merksam på at mange lovkrav går direkte fram av lov/forskrift og er ikkje gjenteke i dette løyvet. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnd, er det delvis for å kunne omtale dei mest sentrale krava, dels for å informere verksemda og ålmenta om viktige krav, og delvis for å kunne ytterlegare presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking, gjeld likevel lov over forskrift og forskrift over vedtak i løyvet, dersom lov/forskriftstekst ikkje gir styresmakta heimel til særskild unntak.

Avfallsdeponi kan gje ein lang rad ulike miljøpåverknader. Utslepp til luft, vatn og grunn kan skade atmosfæren, miljøgifter kan spreia langt, og nærmiljø rundt deponiet kan påverkast av ulike årsaker. Det er såleis nemnd mange særskilde krav til drift og sikring av deponiet for å minimalisere ulemper mest mogeleg. Nokre av krava er nærare grunngjeve nedanfor.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Det er søkt om løyve til deponering av avfall som det kan vere i tvil om er inert etter definisjonen i avfallsforskrifta. Vi ser det som uproblematisk på denne staden å deponere ristgods frå avløpsreinseanlegg (etter tildekking). Det var opphavleg også søkt om løyve til å deponere asbesthaldig avfall. Asbestavfall er no definert som farleg avfall og kan ikkje deponerast på deponi for inert avfall etter 1.7.2007. Generelt gjeld at andre omsøkte deponifraksjonane kan deponerast berre dersom analysar viser at avfallet er inert. Det er konkrete og strenge krav til slike analyser. Analysane av botnaske har nokre manglar, jf. Brev til Årdal kommune dagsett 9.7.2010. Manglane gjer at avfallet inntil vidare må karakteriserast som farleg avfall og at det difor ikkje kan deponerast som ordinert eller inert avfall. Vi er kjent med at dette avfallet ikkje lenger vert levert til Dalsurdi. Fylkesmannen vil presisere at basiskarakterisering av avfall som skal leverast jamleg til deponi for inert avfall, krev ei rad prøver over ei så lang tid at variasjonsbreidda i avfallsmassen vert dekt, og at nivå for akseptkriteriar på rett avfallskategori er dokumentert.

Generelt gjeld at avfall som vert karakterisert som "lett ureina" i høve til vedlegg II til deponikapitlet i avfallsforskrifta, kan takast i mot dersom utlekkingspotensialet ikkje overstig grenseverdiane i kap. 2.1.1, eller grenseverdiane overstig kap. 2.1.2 i nemnde vedlegg.

Den ansvarlege har behov for å kunne mellomlagre avfall på staden. Regelen som vert vist til i vilkår 1 i løyvet vil seie at tida for mellomlagring ikkje kan vere lenger enn 3 år. Avfallstypar som kan mellomlagrast kan vere ureina jord, asfaltmassar, emballert og utsortert avfall som skal sluttbehandlast andre stader, ymse metall og liknande avfall.

Krav til internkontroll går fram av eige forskrift og plikta er presisert i vilkåra.

Krav til registrering og kontroll er ytterlegare omtalt i avfallsforskrifta § 9-11 og 9-12, og vedlegg II til kap. 9. Avfall som ikkje kan deponerast skal meldast frå om til Fylkesmannen. Avfall som er avvist for deponi bør takast i mot ved nærliggande avfallsmottak i Utladalen.

Dei generelle krava til mottakskontroll i løyvet og avfallsforskrifta vil seie at levering til deponi utanom ordinær opningstid, ikkje er lovleg.

Vern av jord og vatn er innskjerpa i dette løyvet. Det er ikkje rekna med at deponering av inert avfall i samsvar med krava i vedlagte løyve vil føre til nemneverdig ureining av vatn. Løyvehavar pliktar likevel gjennom sin internkontroll å dokumentere kvalitet på vassig frå deponiet. Dersom det er påkravd kan deponiansvarleg måtte behandle sigevatnet.

Toppdekke er i løyvet brukt som ei felles nemning for dei laga med massar eller membranar som vert lagt oppå avfallet etter at deponeringa har opphøyr. Utforminga av toppdekket skal hindre erosjon og vere tilpassa etterbruken av areala.

Krav til endeleg avslutting og etterdrift er å sjå på som førebelse. Endelege krav vert fastsett i samband med handsaming av plan som den ansvarlege må sende til Fylkesmannen minimum 1 ½ år før deponeringa er tenkt å opphøyre.

Krav til beredskap inkluderer også førebyggjande tiltak mot brann, og tiltak og utstyr for avgrensing av brann.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold har Fylkesmannen kome til at det kan gjevast nytt utsleppsløyve på nærare spesifiserte vilkår. Det er lagt vekt på at vilkåra for vidare deponiaktivitet til dels er betydeleg innskjerpa i høve til drifta i dag. Verksemda kan også drive med utsortering og mellomlagring av avfall i samsvar med nærare krav.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket er samla i løyvedokumentet.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Melding om avvist avfall	Kontinuerleg	3.4
Botnetting Gjeld alt avfall som er deponert etter denne dato.	1.5.2002	3.5.2
Alle prosedyrar og rutinar for drift i samsvar med nytt løyve	Innan 6 mndr. frå løyvedato	3.7.2
Plan for endeleg avslutting og etterdrift	Minimum 1 ½ år før deponering er tenkt avslutta	3.8
Oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse	Årleg	4
Ha etablert tilfredsstillande finansiell garanti Gjeld for motteke næringsavfall	Innan 12 mndr. frå løyvedato	6

Rapportering til ureiningsstyresmakta Etter krav det enkelte år, men minimum om typar og mengder av deponert avfall, mellomlagra avfall, resultat av overvakingsprogrammet, deponigass og evt. spesielle driftshandlingar	Årleg 1.3 eller særskild frist det enkelte året	5
Oversikt over miljøpåverknad frå aktiviteten	Årleg til årmenta	Miljøinformasjonslova
Etterdrift av nedlagt deponi	Minimum 30 år	3.8.2

Gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om endring av utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning. Av di verksemda har søkt før ordninga tok til å gjelde, skal ein likevel denne gongen ikkje betale eit gebyr. Gebyr for kontrollar skal heretter betalast i samsvar med kap. 39 i ureiningsforskrifta.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og utsleppsløyvet.

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Jamvel om utslepp vert halde innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkelig er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å stette alle relevante krav i ureiningslova og produktkontrolllova med forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av mest relevante forskrifter er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan være aktuelle for verksemda, viser vi til www.regelhjelp.no.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73, eller sørgje for igangsetjing av tiltak jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgjevinga.

At ureininga er tillete, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Klif kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå sakens dokumenter. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om saksbehandlingsregler og andre regler som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Den som har fått løyvet skal så snart som råd kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjering skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
senioringeniør

Sendt saman med dette skrivet: Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi: Sunde resirk as, p.b. 193, 6882 Øvre Årdal
Tor Erik Nilsen, Utlavegen 3H, 6884 Øvre Årdal

Løyve til Årdal kommune etter ureiningslova for Dalsurdi avfalls plass

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 og § 29, jf. § 16 og § 9-7 i avfallsforskrifta, jf. kap. 9 og kap. 36 i avfallsforskrifta. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 25.4.2003 samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkår som er gjevne i dette dokumentet. Løyvet er må sjåast på som ei formalisering av pågåande drift ved eksisterande deponi.

Med heimel i § 18 i ureiningslova erstattar dette løyvet følgjande løyve: 29.5.1985 (grov-avfalls plass). Tidlegare løyve til mottak av asbest (dagsett 4.1.1994) gjeld ikkje lenger, jf. forbodet i vedlegg II til kap. 9 i avfallsforskrifta (deponi).

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha innverknad på miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet, slik som attendetrekking eller utferding av nytt løyve.

Verksemddata

Verksemd	Dalsurdi avfalls plass
Ansvarleg	Årdal kommune
Stad/gateadresse, poststad	P.b. 40, 6881 Årdalstangen
Gards- og bruksnr.	16/4
Kommune og fylke	Årdal i Sogn og Fjordane
Org. nummer (verksemd)	954 679 721
NACE-kode og bransje	90.000 Kloakk- og renovasjonsvirksomhet
NOSE-kode	109.04.04 Land filling
Deponikategori ¹	Kategori 3: Deponi for inert avfall

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse ²
471 – 09/5098	1424.0011.02	2010.087.T (erstattar 1985.176.T)	Avfall	3

Løyve gitt: 5.10.2010	Endringsnummer:	Sist endra:
Gøsta Hagenlund assisterande fylkesmiljøvern sjef	Grete Haugan senioringeniør	

¹ Jf. avfallsforskrifta § 9-5

² Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter ureiningslova

Innhold

1. Rammer	8
2. Generelle vilkår	8
2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg.....	8
2.2. Tiltak ved auka ureiningsfare.....	8
2.3. Internkontroll.....	8
3. Særskilte vilkår for deponering av avfall	8
3.1. Avfall som kan deponerast	8
3.2. Behandling av avfall før deponering.....	8
3.3. Særskilte krav til visse typar avfall	8
3.4. Registrering og kontroll ved mottak av avfall	9
3.5. Vern av jord og vatn	9
3.6. Nærmiljøtiltak.....	9
3.7. Oppfylling og drift.....	10
3.8. Avslutting og etterdrift.....	10
4. Kontroll og overvaking	11
4.1. Oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse	11
4.2. Overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn.....	11
5. Rapportering og informasjon	12
6. Finansiell garanti og kostnadsdekning.....	12
7. Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt ureining	12
7.1. Etablering av beredskap	12
7.2. Varsling av akutt ureining	12
8. Eigarskifte	13
VEDLEGG 1 - Definisjonar	14
VEDLEGG 2 – Innhald i årsrapport	15
Døme på inndeling av rapport.....	15

1. Rammer

Løyvet gjeld deponi i kategori 3 (deponi for inert avfall) jf. § 9-5 i avfallsforskrifta på Dalsurdi i Utladalen. Løyvet gjeld ei årleg mengd deponert avfall på inntil 2 000 tonn med ei samla deponimengd på over 200 000 tonn for deponiet si totale levetid.

Løyvet omfattar også mellomlagring av inntil 10 000 tonn avfall. Mellomlagra avfall kan ikkje lagrast så lenge at lagringstida vert omfatta av § 9-2, andre ledd i kap. 9 i avfallsforskrifta.

2. Generelle vilkår

2.1. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

All ureining frå verksemda, slik som utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, slik som støy og lukt, så langt dette er mogleg med best tilgjengeleg teknologi. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.2. Tiltak ved auka ureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka ureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få ureiningsmessig følgje. Akutt ureining skal varslast i høve til pkt 7.2.

2.3. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for si verksemd i høve til gjeldande forskrift om dette³. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til disse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til ureining og kunne gjere greie for risikoforhold.

3. Særskilte vilkår for deponering av avfall

3.1. Avfall som kan deponerast

Deponi for inert avfall:

Løyvet omfattar deponering av inert avfall og lett ureina masse. Deponering må stette mottakskriteria i kap. 9 i avfallsforskrifta, vedlegg II for deponi for inert avfall.

3.2. Behandling av avfall før deponering

Alt avfall skal vere behandla før deponering jf. avfallsforskrifta § 9-6 og vedlegg II.

Avfall som lett kan materialgjenvinnast, skal ikkje deponerast. Dette gjeld m.a. alle etablerte retur- og gjenvinningsordningar og alt avfall som skal gjenvinnast etter avtalar som er inngått mellom miljøvernstyresmaktar og industribransjar.

3.3. Særskilte krav til visse typar avfall

³ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

Farleg avfall (jf. kap. 11 i avfallsforskrifta) kan ikkje deponerast på deponi for inert avfall.

For følgjande avfall gjeld tilleggsreglar:

Deponering av ristgods og sand frå sandfang ved avløpsreinseanlegg (EAL 190801/190802)

Avfallet skal vere avvattna før deponering og skal straks overdekkast dersom det kan medføre lokal ulempe.

3.4. Registrering og kontroll ved mottak av avfall

Publikum skal ikkje ha tilgang til deponiområde, men må levere avfall på særskild avsett stad.

Alt motteke avfall skal registrerast med opplysningar om mengde (vekt), eigenskapar, opphav, leveringsdato og avfallsprodusenten sin identitet. Alt avfall for deponering skal registrerast i samsvar med avfallsforskrifta § 9-12 og vere karakterisert i samsvar med vedlegg II til kap. 9 om avfallsdeponi i avfallsforskrifta. Registreringa skal elles skje i tråd med styresmaktene sine krav til rapportering.

Alt avfall som vert motteke, skal kontrollerast. Kontrollen skal avdekke om forskrifta sine reglar om behandling av avfallet er oppfylt før deponering og om innhaldet i avfallet er i samsvar med løyvet.

Prøvetaking og analyse av avfallet skal gjennomførast i samsvar med reglane i avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II, punkt 3. Verksemda pliktar å føre ein stikkprøvekontroll utover dette der det ligg føre ein mistanke om at avfallet som ein ønskjer deponert kan innehalde farleg avfall eller anna avfall i strid med avfallsforskrifta kap. 9 og dette løyvet.

Dersom det vert oppdaga avfall som ikkje er tillate å deponere, eller at dokumentasjonen frå avfallsprodusent manglar eller ikkje er tilstrekkeleg til å vurdere den opp mot mottakskriteria, skal avfallet avvisast for deponering. All avvising av avfall for deponering må meldast til Fylkesmannen.

3.5. Vern av jord og vatn

3.5.1. Tiltak for å redusere sigevassmengd

Verksemda skal hindre innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn. Reint overflatevatn frå tilstøytande areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje førast til deponiområda, men leiast separat utanom deponiet. Dersom reint overflatevatn vert ført under deponiet, skal drencsystemet ha eit dobbelt sett, uavhengig røyr som kvar har hydraulisk kapasitet svarande til maksimal avrenning i eit normalår.

3.5.2. Tiltak mot utlekking av sigevatn

Avfall kan berre deponerast på botnlag med minst 1 m fin sand eller silt.

3.6. Nærmiljøtiltak

3.6.1. Generelt

Den ansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av deponidrifta vert redusert til eit minimum.

Flygeavfall skal avgrensast mest mogleg, t.d. ved oppsetting av gjerde eller fangnett med tilstrekkeleg høgde. Om nødvendig må verksemda syte for jamleg opprydding.

Behov for eige program for å hindre skadedyr og fugleplager skal vurderast.

Lukt og støv frå deponiet/avfallsanlegget skal til alle tider ha så låge verdiar at bustadområde og offentlege område ikkje vert sjenert. Om nødvendig må lukt- og støv-reduserande tiltak setjast i verk straks.

3.6.2 Støy

I den grad verksemda bidreg til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal støyen ikkje overskride følgjande grenser, målt eller utrekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl.19-23) $L_{pAekv4h}$ Laurdag (kl.07-19) $L_{pAekv12h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Laurdag (kl. 19-23) Sun-/helgedagar (kl. 07-23) $L_{pAeq16h}$	Natt (kl. 23-07) L_{A1}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

For definisjonar sjå vedlegg 1

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av avfall. Støy frå mellombels bygg- og anleggs-verksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

3.6.3 Inngjerding, port og skilting

Avfallsplassen skal vere inngjerda med minst 2 m høgt stålflette-gjerde der det kan verte tilkomst frå uvedkomande. Utanom opningstider skal plassen vere stengd og låst. Ved inngangsparti skal det vere tydeleg skilt som opplysar om reglar for avfallslevering.

3.7. Oppfylling og drift

3.7.1. Oppfylling

Deponiet skal utformast slik at avfallsmassen er stabil og slik at det ikkje vert skade på tilknytta strukturar på grunn av ujamne setningar, utgliding eller andre stabilitetsbrot.

Avfallet skal deponerast i celler på ein slik måte at det arealet som er i bruk vert så lite som mogleg. Kvar celle skal avsluttast og overdekkast før ei ny celle vert teken i bruk, jf. vilkår 3.8.1.

Det skal gjerast jamlege registreringar og utbetringar av settingar i deponiet både under aktiv drift og i etterdriftsfasen.

3.7.2. Drift

Det skal vere etablert prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet i driftsfasen. Desse skal sikre at krava i avfallsforskrifta og dette løyvet vert halde.

Alle prosedyrar og rutinar som er nemnde ovanfor må vere på plass innan 6 månader frå løyvet tek til å gjelde.

Eventuelle endringar i høve til oppfyllingsplanen som er vedlagt søknaden, må varslast til Fylkesmannen.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

3.8. Avslutting og etterdrift

3.8.1. Trinnvis avslutting

Utforminga av toppdekket skal hindre erosjon og stabilitet og vere tilpassa etterbruken av areala.

Før ei celle vert avslutta, skal verksemda ha vurdert og avklart med Fylkesmannen kor tett toppdekket skal vere.

Celler utan organisk avfall, men med risiko for utvasking av ureinande stoff, skal ha eit toppdekk med eit tettingslag beståande av minimum 0,5 m tette massar med ein hydraulisk konduktivitet på maksimalt 1×10^{-6} m/sek, eller ein kunstig membran.

3.8.2. Endeleg avslutting og etterdrift

Når omsøkt deponivolum er utnytta eller løyvet ikkje lenger gjeld, skal deponiet avsluttast. Den ansvarlege for løyvet har ansvar for etterdrift av anlegg og installasjonar i minst 30 år etter avslutting.

Seinast 1,5 år før avfallsdeponering skal opphøyre, skal verksemda leggje frem ein plan for endeleg avslutting og etterdrift. Planen skal blant anna omfatte eit revidert overvåkingsprogram for vatn og deponigass i etterdriftsfasen samt gi framlegg til endeleg utforming og etterbruk av deponiet. Planen må ta høgde for etterfylling p.g.a. settingar og andre stabilitetsomsyn.

Deponiet skal ha ei konveks eller skrå form som sikrar avrenning av overflatevatn. Toppdekket skal formast i høve til vilkår 3.10.1. For å unngå at menneske kjem i kontakt med avfallet skal det gjerast høvelege tiltak for å avgrense bruk av området etter at deponiet er avslutta.

Vekstsjiktet (dvs øvste del av toppdekket) skal vere berre reine masser. Dersom arealet skal nyttast til jord- eller skogbruk, må vekstsjiktet vere djupt nok til å tole pløying eller annan jordbearbeiding.

Etter at eit område er endeleg avslutta skal det verte etablert stadeigen vegetasjon.

Før deponiet vert vurdert avslutta og stengt, skal Fylkesmannen varslast. Fylkesmannen skal ha høve til å gjennomføre ein sluttinspeksjon på deponiet før det vert avslutta i høve til godkjent avslutningsplan. På bakgrunn av sluttinspeksjonen kan Fylkesmannen fastsetje ytterlegare vilkår for avslutting og etterdrift.

Det er ikkje tillate å nytte deponiet til bustadføremål før etterdriftsfasen er over.

4. Kontroll og overvaking

4.1 Oversikt over deponiet si utvikling og vassbalanse

Verksemda skal årleg lage ei oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som alt er teke i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetjing, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiet sin attverande kapasitet.

På bakgrunn av resultat frå anna overvaking, skal verksemda utarbeide eit vassbalanse-rekneskap for siste kalenderår. Meteorologiske data som er nødvendig for dette føremålet skal samlast inn på deponiet.

4.2 Overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn

Verksemda skal ha eit overvåkingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i høve til vedlegg III i kap. 9 i avfallsforskrifta og SFTs veileder TA 2077/2005 (eller seinare utgåver). Overvakinga skal kunne avdekkje eventuelle sigevasslekkasjar eller endringar i vasstilførselen til deponiet.

Prøvetaking og analysar skal gjerast etter Norsk Standard. Dersom Norsk Standard ikkje finst, kan annan, anerkjend standard nyttast. Minimumskrav til prøvetakings- og analysefrekvens i deponiets driftsfase går fram av tabellen:

Overvakingstema	Frekvens
Sigevassmengd	Kan stipulerast etter vurdering av nedbørmengder og fordamping
Sigevatnet si samansetjing	Min. 4 gonger per år eit utval av minimum 6 indikator parameter frå og med mars 2011
Grunnvassnivå	Samstundes med uttak av prøver om samansetjing

Verksemda pliktar også å syte for at resultatet av all overvaking vert vurdert av fagleg sakkunnig. Dersom vurderingane viser at det er behov for tiltak for å overhalde krava i dette løyvet, er verksemda også pliktig til så snart som praktisk mogleg å utbetre forholda.

Ei årleg samanstilling og vurdering av overvakingresultata skal inngå i ordinær årsrapport og kunne leggjast fram for ålmenta.

5. Rapportering og informasjon

Resultat av registrering og kontroll av mottatt avfall samt overvakingdata i høve til vilkår 3.13 skal rapporterast til ureiningsstyresmakta i samband med den årlege eigenrapporteringa med frist 1. mars, jf. avfallsforskrifta § 9-13 og på den forma som ureiningsstyresmakta avgjer.

For rapportering skal NS 9431 nyttast⁴. EAL-kodar skal nyttast for individuelle leveringar.

Rapporten skal også innehalde ei vurdering av resultata og behov for tiltak.

Verksemda skal jamleg informere abonnentar og publikum om avfallsordninga, leveringshøve og opningstider ved avfallsmottaka direkte og ved annonsering.

6. Finansiell garanti og kostnadsdekning

Årdal kommune skal innan 12 månader frå løyvet tek til å gjelde ha etablert ein tilfredsstillande finansiell garanti eller tilsvarende tryggleik, jf. avfallsforskrifta § 9-10⁵.

Årdal kommune er økonomisk ansvarleg for å sikre at avfall vert forsvarleg handtert og behandla vidare dersom aktiviteten ved deponiet opphøyrer.

Forslag til form og storleik på den finansielle garantien skal sendast til Fylkesmannen på førehand.

7. Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt ureining

7.1. Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av ein miljørisikoanalyse og dei iverksette risikoreduserande tiltaka, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til alle tider representerer. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

7.2. Varsling av akutt ureining

⁴ Denne inndelinga er i samsvar med strukturen i databasen Forurensning.

⁵ Rettleiar TA-2150/2006 har meir informasjon om finansiell garanti for avfallsdeponi.

Akutt ureining eller fare for akutt ureining skal varslast i høve til gjeldande forskrift⁶. Verksemda skal også så snart som mogleg gje melding til Fylkesmannen.

8. Eigarskifte

Ansvar for avfallsplassen kan ikkje seljast eller overdragast til ikkje-kommunal aktør utan etter godkjenning frå Fylkesmannen.

⁶ Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269

VEDLEGG 1 - Definisjonar

Med **tett dekke** meiner ein frostsikkert dekke med permeabilitet mindre enn $K=1 \times 10^{-6}$ m/s målt i vassmetta tilstand.

Definisjonar av avfall følgjer så langt det er aktuelt § 9-3 i avfallsforskrifta. Nokre sentrale definisjonar er attgjeve her:

- a) *avfall*: kasserte løse gjenstander eller stoffer. Som avfall regnes også overflødige løse gjenstander og stoffer fra tjenesteyting, produksjon og renselanlegg mv. Avløpsvann og avgasser regnes ikke som avfall, jf. forurensningsloven § 27,
- b) *farlig avfall*: avfall som ikke hensiktsmessig kan håndteres sammen med forbruksavfall fordi det kan medføre alvorlige forurensninger eller fare for skade på mennesker eller dyr, jf. kapittel 11 om farlig avfall,
- e) *smittefarlig avfall*: avfall som inneholder levedyktige mikroorganismer eller deres toksiner som er kjent for eller er antatt å kunne forårsake sykdom på mennesker eller andre levende organismer,
- f) *ordinært avfall*: ethvert avfall som ikke er omfattet av bokstavene b-e,
- g) *inert avfall*: avfall som ikke gjennomgår noen betydelig fysisk, kjemisk eller biologisk omdanning. Inert avfall vil ikke oppløses, brenne eller på annen måte reagere fysisk eller kjemisk, det er ikke biologisk nedbrytbart og skader ikke andre stoffer det kommer i kontakt med på en måte som kan medføre forurensning av miljøet eller være til skade for menneskers helse. Avfallens totale utlekkingssegenskaper og innhold av forurensende stoffer og sigevannets økotoksitet må være ubetydelige, og framfor alt ikke representere noen fare for kvaliteten på overflatevann og/eller grunnvann,
- h) *deponi*: et permanent disponeringssted for avfall ved deponering av avfallet på eller under bakken,
- i) *behandling*: de fysiske, termiske, kjemiske eller biologiske prosesser, herunder sortering, som endrer avfallens egenskaper med formål å redusere dets volum eller den fare det representerer, gjøre det lettere å håndtere eller enklere å gjenvinne,
- j) *biologisk nedbrytbart avfall*: ethvert avfall som kan gjennomgå en anaerob eller aerob nedbrytning, for eksempel mat- og hageavfall, papir, kartong og trevirke,
- k) *våtorganisk avfall*: organisk avfall som er biologisk lett nedbrytbart,
- l) *flytende avfall*: avfall i væskeform,
- m) *sigevann*: enhver væske som siver ut fra det deponerte avfallet og slippes ut fra et deponi eller blir liggende i det,
- n) *deponigass*: all gass som dannes i det deponerte avfallet,
- o) *avfallsprodusent*: den som genererer avfallet eller enhver som gjennom behandling, blanding eller på andre måter endrer avfallens art eller sammensetning. Kommunen skal regnes som avfallsprodusent for innsamlet husholdningsavfall,
- p) *driftsansvarlig*: den fysiske eller juridiske person som er ansvarlig for deponiet,
- r) *sluttbehandling*: deponering eller forbrenning uten energitnyttelse.

$L_{pA_{ekvT}}$: det gjennomsnittlige ekvivalente støynivået for varierende støy over ein bestemt tidsperiode T.

L_{A1} statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som blir overskride i 1 % av tida.

Toppdekke er her brukt som ei felles nemning for dei laga med massar eller membranar som vert lagt oppå avfallet etter at deponeringa har opphøyr.

VEDLEGG 2 – Innhald i årsrapport⁷

Føremål: Å informere tilsynet om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal generelt gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåvene etter kapitel 7 i ureiningslova (tilsyn med forurensningar og avfall).

Opplysningane vil vere offentleg tilgjengeleg så langt dei ikkje vert råka av unntaks- eller teiepliktreglane i forvaltningslova, offentlegheitslova eller miljøinformasjonslova.

Rapporteringsform: verbal og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernavdelinga på WORD og/eller EXCEL-lesbart format.

Døme på inndeling av rapport

1. Totalmengd avfall som er motteke førre år, og delt etter type. Avfallsmengdene skal grupperast under kvar avfallstype i høve til NS 9431 for ordinært avfall og EAL-kode for farleg avfall.
2. Mellomlagra avfall pr. 31.12, delt på ulike typar.
3. Kort og verbal omtale av drifta.
4. Omtale av førebyggjande tiltak, unormale hendingar, spesielle problem o.l. Her også om tiltak ved evt. stans i avfallsmottaket, påverknadar av miljøet rundt anlegget og om moglege eller faktiske utslepp til grunn eller vatn.
5. Resultat av ev. målingar av utslepp (t.d. støymålingar eller –utrekningar, d.o. lukt, støv, olje- og/eller feittutskiljar).
6. Omtale av alle skriftlege eller muntlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging.
7. Visuelle tilhøve, evt. skjemmande tilhøve.
8. Om informasjonstiltak, vurdering av om informasjonstiltak er tilstrekkelege (gjerne supplert med resultat av del feilsortert/manglande sortering av avfall av kundane, forsøk på feillevering, osv.).
9. Energieffektiviseringstiltak.
10. Oversikt over eigne, genererte avfallsmengder.
11. Evt. andre utslepps- eller avfallsreducerande tiltak.

⁷ Gjeld dei aktivitetane som ikkje har særskilde rapporteringskrav (t.d. delar av deponiaaktiviteten skal rapporterast via AltInn)